

ÅRSMELDING OS KAMMERKOR 2017

Tillitsvalde 2017 valt på årsmøtet 3.februar vart konstituert slik

STYRET

Leiar (for 1 år)

Marianne R. Kramer - valt som styremedlem for 2 år

Styremedlemar

Torill Hellebø - på val 2019

Heidi Norunn Sælen - på val 2018

Eirik Lyssand - på val 2018

Vararepresentant til styret

Ann-Charlotte S. Midtsæter - valt for eit år

MUSIKKUTVALET

(alle er valde for eit år)

Aagot Moberg

Harald Lyssand (erstatta til sommaren)

Begljot Lyssand Bjørø

Jan Ove Petersen -(inklusive noteforvalterrolla)

Vararepresentant musikkutval

Hanne Westgaard Lund (fast medlem frå sommaren)

Revisor Kari Heggland

Andre ansvarsoppgåver:

Flaggansvarleg: Kari Heggland

Nettsideansvarleg: Marianne R. Kramer

Ny valnemnd: Kari Mikalsen (erstatta av Bjørn Egil Møhn – Knutsen) og Dag Berge

Medlemssituasjonen:

Vi eldes framleis i lag. Det har vore nokre utskiftingar, nokre har slutta og eit par nye har kome til.

Vi var pr 31.12.2017: 11 sopraner (To i permisjon grunna Queen)

9 Alter (4 i permisjon)

4 Tenorar

4 bassar (Harald Lyssand har slutta – inn Roger. Geo har tatt permisjon)

Pr 31.12.2017 var vi 28 medlemar. Sju er i permisjon

Øvingar:

Det var i vårsemesteret 19 onsdagsøvingar- samt øvingshelg 21. og 22 april

- Nyttårskonsert 15.januar i regi av Korforbundet. Vi deltok i Storetveit kyrkje.
- Song for Ann Charlotte 12.mars – heime hos henne
- Song for Janne Mari Hjelle 22.mars (arrangementsansvarleg i Oseana slutta) – i Oseana
- Jubileumsfeiringa heldt fram med konsert i Os kyrkje 31.mai (gjestar Os spelemannslag – solistar Eirin Røykenes og Jon Sjøfteland Sæbø - 58 selde billetter 26.august – Helgetur til Jondal med konsert i høve Una Eiken sin 50 årsdag

I haustsemesteret har det vore 17 onsdagsøvingar samt øvingsdag 18.november. Nokre av øvingane har vore utvida grunna trong for ekstraøving i samband med Queen opplegget.

Frammøte har vore variabelt. For fleire er prioritering ei utfordring, men fleire står med ingen fråver.

Øvingane har i hovudsak vore på Os Barneskule. Kaffi, kaker og vin lotteri blir halde ein gong for månaden. Ansvar går som vanleg på omgang mellom gruppene.

Ei gruppe møtte fram på Bjørnefjorden Gjestetun 21/10 og song for Eirik og Åsne i høve deira 70 årsfeiring.

Vårt trufaste medlem gjennom mange år Anne Fristad døydde i haust. Vi song i gravferda og i samlinga på Nore Neset skule same dag. Dette var 2. november

Vi arrangerte kor kafé i Kløvertun (22.november) . Gjestar var Os Mannskor, Unnelandskoret og BKK-koret. Kvelden var svært vellukka, og gav eit godt økonomisk overskot. Vi prøva oss på Queen ved å synge «We will rock you». Stor applaus.

Dirigent:

Ann Elisabeth har vore vår kunstnarlege leiar dette året og. Hennar store entusiasme og songpedagogiske kunnskap har vore inspirerande for oss i koret.

Styremøter:

Det har vore 5 styremøte i perioden. Dei fleste i samarbeid med musikkutvalet. Mykje av arbeidet har vore knytt til først kyrjekonserten i mai, og seinare Queenprosjektet i samarbeid med kor Camena som vi mellom anna har hatt videomøte med. I tillegg har det vore mykje uformell kontakt pr e-post og sms, samt ad hoc møte på øvingane. Styret har samarbeidd godt.

Økonomi:

Vi hadde eit godt overskot på kor kafeen. Medlemskontingent og flagging for kommunen har vore eit nødvendig tilskot. Ei spesiell takk til Kari Heggland som organiserer flagginga.

Økonomien er akseptabel. Utfall av Queen prosjektet kan gi ein endras situasjon.

Avslutning:

Styret har byrja å leggja plan for 2018. Vi tar sikte på eit lettare repetoar, og invitere oss med på nokre arrangement. Vi har byrja drøfte mogeleg tur i 2018/2019.

Vi vil takka medlemmane for arbeidet med å få flagga opp og ned til rett tid.

Vi vonar alle blir med vidare.

Styret takkar for seg, og ser fram til ein ny sesong.

Januar 2018

Marianne Kramer	Torill Hellebø	Heidi Sælen	Ann-Charlotte S. Midtsæter
Leiar	økonomiansvarleg	styremedlem	vara medlem

Eirik Lyssand

skrivar